



TETT: Sunndal møtte Elnesvågen til ein tøff batalje i helga, og kom heim med eit poeng i bagasjen. Her er det Henrik Sivertsen som er i kamp med Kjetil Brudeset. (Foto: Vegard F. Vågbo)

Sunndal felt av tabbe

Sunndal møtte serieleiar Elnesvågen – som enno ikkje har tapt ein kamp i år – til bortekamp i helga. Sunndal hadde kontrollen, men ein keepertabbe førte til to tapte poeng.

Steinar I. Aarvåg

Flaco Elnesvågen er årets overraskelseslag og har hatt ein formidabel vårsesong. Dei har framleis til gode å ga poenglause av banen i årets tredjedivisjon, og er alltid vanskeleg å møte på heimebane i Elnesvågen. Sunndalstrener Bjørn Jørgensen kan fortelja at det vart like jamnt som dei frykta, men som dei slett ikkje håpa. – Eit vanskeleg lag, og ein jamn kamp. Vi hadde kontroll på spelet i første omgang. Halvegs ut i omgangen får Tor Erik Torske eit langt framspel frå Arne Håkon Sandnes som han elegant set mellom keeper Flaco og nærmaste stolpe, og det står 1-0. Dessverre får vi ein utruleg vanskeleg start på andreamgangen når keeper Thorbjørn Evjenth er uheldig på eit utspel. Han legg ballen rett i fotene på ein motspelar, som enkelt ekspederar ballen inn i nettet bak Evjenth, fortel Jørgensen.

Han understrekar fleire gongar at Evjenth gjennomførte ein god

kamp unntake tabben, men legg likevel ikkje skjul på at det er tabben han kjem til å bli hugsa for i denne kampen. – Når ein keeper gjer ein feil, så får det så mykje større konsekvensar enn om ein angrepsspelar gjer det. Thorbjørn spela ein kjempekamp og varta opp med fleire gode redningar, men så kjem da denne ulykksalige tabben tidleg i første omgang, og det vart negativt inn på oss og fører til at vi mistar grepet om kampen, oppsummerar han.

Feig

– Etter målet fekk spelarane seg ein psykisk knekk, vi vart alt for feig og torde ikkje å fortsetta på same viset som i dei første førtifem minutta. Spelarane innrømte etter kampen at målet som kom imot tidleg i andreamgangen prega dei i alt for stor grad, og dei meinte sjølv at dei gjorde ein for dårleg jobb utover i omgangen, fortel Jørgensen og innser at det var heimelaget som skapa dei største sjansane utover i andreamgangen.

Trenaren fortel at dei hadde venta eit tøffare fysisk Elnesvågen-lag enn det dei møtte laurdag. – Det vart ikkje ein så fysisk tøff kamp som i tilsvarende oppgjør i fjor, og eg trur det vart utdelt berre eit gult i løpet av kampen, så alt i alt vil eg ikkje seia at det vart som vi venta på førehand, seier Jørgensen. Tor Erik

Torske uttala i Driva fredag at han venta seg knallhard markering på seg sjølv og kompis Torgeir Ruud Ramsli. Trenaren fortel at Elnesvågen også på dette området var svakare enn sunndalingane var førebudd på, men at det etter pause verka som heimelaget skjerpa seg i mannsmarkeringa på dei to.

Surt

Jørgensen oppsummerar kampen som ein kamp dei er rimeleg fornøgd med reint resultatmessig, men seier at det er utruleg surt å tapa kampen grunna ein slik situasjon. – Det er dumt at Thorbjørn blir avgjerande i negativ forstand, det hadde vore betre om dei hadde

skåra på «skikkeleg» vis, sukkar trenaren, og legg til at han håpar Evjenth ikkje grev seg ned av den grunn. No tek sunndalingane fri i ei veke før dei startar oppkjøringa mot haustsesongen og jakta på fleire poeng i tredjedivisjon.

Kampfakta

3. divisjon menn, avd. 18

Elnesvågen Stadion

Elnesvågen-Sunndal 1-1 (0-1)

Sunndal: Thorbjørn Evjenth, Thomas Grødal, Arne Håkon Sandnes, Vilar Furu Øie, Henrik Sivertsen, John Solbakk, Eivind Lervik, Stian Vågen (Ivar Mo 60. min), Harald Grimstad, Torgeir Ruud Ramsli, Tor Erik Torske

Mål: 1-0 Tor Erik Torske 24. min, 1-1 49. min

Dommar: Geir Arne Nordby

Tabeller

3. div. menn avd. 18

Averøykam.-KBK 2	2-1
Bryn-Rival	1-3
Dahle-Midsund	1-3
Elnesvågen/O.-Sunndal	1-1
Gossen-Eide/Ørne	2-1
Træff-Sunndal	3-2
Træff	12 8 2 2 29-21 26
Elnesv./O.	10 7 3 0 21-8 24
Gossen	11 7 3 1 29-19 24
AK	10 7 1 2 23-10 22
Sunndal	11 6 3 2 37-11 21
Dahle	11 5 1 5 21-22 16
Sunndal	10 5 0 5 24-18 15
KBK 2	11 4 1 6 27-23 13
Midsund	10 3 1 6 14-52 10
Rival	11 2 0 9 13-31 6
Eide/Ørn.	12 1 2 9 14-34 5
Bryn	11 0 3 8 10-42 3

4. div. menn

Eidsvåg-Frei	4-2
Bud-Vestnes Varfjell	2-5
Halsa/Valsfj.-Kvass/Ølv.	0-4
KFK-Måndalen	1-1
Træff 2-Gry/Kjåvåg/H/ÅK 2	6-0
Molde 3	11 8 2 1 39-15 26
Træff 2	11 8 1 2 34-16 25
Måndalen	11 7 2 2 32-16 23
Ves.Varfj.	11 6 4 1 33-21 22
Andalsnes	11 7 1 3 39-29 22
KFK	11 6 1 4 33-22 19
Eidsvåg	11 5 1 5 23-20 16
Gry/Kjå/H/ÅK2	11 3 1 7 21-31 10
Kvass/Ølv.	11 2 3 6 17-25 9
Hal/V.fj.	11 2 1 8 19-37 7
Bud	11 1 3 7 12-43 6
Frei	11 0 2 9 22-49 2

4. div. menn avd. 04

Mellhus-Fosenlaget	12-0
Rindal-Orkla 2	0-1
Sokna-Frøya	4-4
Mellhus	10 9 1 0 48-11 28
Frøya	10 8 1 1 37-14 25
Munkh.	10 5 2 3 18-16 17
Orkla 2	10 4 2 4 23-20 14
Nidelv 2	9 4 1 4 20-28 13
Sokna	10 3 3 3 28-29 12
Oppdal	9 2 2 5 21-28 8
Glimt	10 2 2 6 18-28 8
Rindal	10 2 2 6 12-30 8
Fosenl.	10 2 0 8 24-44 6